

Dispensasjonssøknad

Gjeld dispensasjon frå reguleringsplan for Nordbø planid 12601994000100

Søknaden gjeld gnr24, bnr266 for den del av arealet som ligg intil krysset som fører mot tidlegare Hordabøheimen og Nordbø. Arealet er i planen merka raudt som tyder at arealet er sett av til offentleg formål. (Sjå vedlagte kartskisse)

I vedtatt budsjettet for 2015 finn me eit verbalpunkt på at denne tomta skal avhendast.

Tomta er sprengt ut og planert og har gjennom mange år mellom anna vore nytta som parkeringsplass for private bilar, campingvogner og båtar. Arealet har også tidvis vore nytta som perkeringsplass for både Bø barnehage og Hordabøheimen. Hordabøheimen er i dag privateigd.

Eigedomen har tilkomst frå kommunal veg, Nordbøvegen, med avkljørsle frå fylkesveg FV 409. Vegen går forbi Hordabø skule og gjennom eit etablert bustadområde.

Det ligg ikkje føre offentlege planar for utnytting av tomta. Tomta framstår som uferdig og som eit sår i landskapet.

Avdeling for teknisk drift vurderer tomta som eigna til bustadtomt. Tomta har god tilkomst og det er kommunal vass og avløpsleidning like ved. Det vil også vera meir ryddig at tomta vert utbygd og gjort ferdig enn at tilfeldig bruk er det som skal vera dominerande. Etter at at Hordabøheimen vart avhenda har tilhøva også endra seg i høve til kommunen sine eventuelle framtidige behov.

Teknisk drift vurderer difor fordelane med at tomta vert bygd på vesentleg større enn at tomta vert liggjande uferdig og til liten nytte. Dette er signal me også har fått frå innbyggjarar i området.

Manger 26.10.2015

 RADØY KOMMUNE
Einar Færø

Driftsavd.